



Trond Grøttveit

Grøttveit  
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/1290 - 0 - 26992/2009	Linda Folkestad - 56375170	190/2	15.12.2009

## Vedrørende ny avkjørsle, Gbnr. 190/2

Syner til brev motteke 11. desember 2009 vedrørende søknad om ny avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 190/2 Grøttveit. Etter vurdering av forholda gjev vegavdelinga løyve til dette på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal ha ein utforming slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet (FOR-1964-07-16 nr. 3905). På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm). Verdiane gjeld veg med ferdig dekke (asfalt, oljegrus osv).
- Under avkjørsla skal det leggest dreneringsrør med ein diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Avkjørsla skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset slik at den fører til minst muleg ulempe for trafikken langs kommunal veg. Avkjørsla skal plasserast som vist på vedlagt kart.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjørsla. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ein sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 30m i kvar retning (målt langs kanten av kommunal veg).
- Siktsona skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, byggverk, buskvekstar eller andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av brukarane av avkjørsla, uavhengig av kven som eig eller har påkosta avkjørsla.
- Svingradius i avkjørsla skal være slik at ein kan svinge både til høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til minimum 4m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, driftsbygning eller forretning eller regelmessig nyttast til bil kjøring (avkjørsle til bustad) skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass slik at rygging inn og ut frå kommunevegen unngåast.

Privat veg kan, ut i frå innsendte vegprofil, sjå ut til å verte bratt. Det er i så fall viktig med godt vintervedlikehald av avkjørsle med tilhørande vegstrekning, da parkering av kjøretøy langs kommunal veg ikkje vert tillete.

Det er §§ 29-31 og 40-43 i Veglova, vegnormal 017, samt forskrift av 1964 som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsle frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyvet berre gjeld i høve overnemnte regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyvet er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok om klagen er postlagt innan fristen går ut, Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I kagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

*for*

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:  
Tor Hegle